

Miljøverndepartementet  
Pb 8013 Dep  
0030 OSLO

Dykkar dato: Vår dato: 28.08.2009 Saksbeh.: Njell Hoftun  
Dykkar ref.: Vår ref.: 2009/991-7095/2009 Telefon: 70 24 67 11  
Klassering: 061

## **Høyringsuttale - nye retningslinjer for differensiert strandsoneforvalting**

Formål med retningslinjene er oppgitt å stanse nedbygging av strandsona, jfr. pkt 1. i forslaget. Sykkylven kommune oppfattar det å sikre verdifulle natur- og kulturverdiar, og å sikre allmenn tilgang til attraktive friluftsområde som hovudutfordringa i strandsoneproblematikken. Formålet kunne ut frå dette vore formulert tisvarande, t.d. "å sikre verdifulle natur- og kulturverdiar og allmenn tilgang til gode strandområde no og i framtida". Dette for å fjerne ei indre motsetting vi oppfattar å ligge i høyringsforslaget, der differensiert forvalting nødvendigvis vil kunne føre til ei viss nedbygging.

I pkt.5 vert det gitt retningslinjer for områder med mindre press på areala. Her vert det opna for ein differensiert arealbruk i strandsona, der ein kan ta lokale omsyn til friluftsverdiar, naturkvalitetar, næringsutvikling, mm. Sykkylven kommune kjem inn i denne gruppa. For Sykkylven kommune les vi dette som at det skal bli lettare å legge til rette for ulik aktivitet i strandsona, og helsar slik sett retningslinjene velkomne.

Moglegheita for å bruke kommuneplan som verkty for differensiert forvalting av strandsona, ut frå lokale verdiar og behov, ser vi på som positivt og nødvendig.

Vi ser likevel eit motsettingstilhøve mellom formålet (pkt.1) slik det er formulert i høyringsdokumentet og retningslinjene for områder med mindre press på areala (pkt.5). Dersom utgangspunktet er ei skjerping av byggeforbodet, og formålet er uttrykt å stanse nedbygging av strandsone, kan fylkesstyremaktene, trass geografisk differensiering, framleis kunne praktisere ei streng haldning også i område med lite press.


Det vert derfor avgjerande for Sykkylven kommune korleis overordna myndigheter vil praktisere retningslinjene, når det tilsynelatande er eit motsetningstilhøve mellom formål og retningslinjer.


For å halde oppe folketal, gjere oss interessante for nye etablerarar og skape eit godt liv no og i framtida, er aktiv bruk av sjø og strand viktig.

Sykkylven kommune er i ein heilt anna situasjon enn Oslofjord-kommunane, både når det gjeld byggepress, tilgjengeleg strandlinje og friluftsbruk. Med tanke på framtidig vekst og utvikling er varsam bruk av delar av strandsona eit gode som bør kunne nyttast.

Ein forventar at det vert gitt reell handlefridom til kommunen, og at lokale avgjerder tufta på godt dokumentert fagleg grunnlag, vert aksepterte.

Med helsing

  
Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

  
Njell Hoftun  
planleggar

Kopi til:  
Møre og Romsdal fylke Fylkeshuset